
Fra: Alexander Helle
Sendt: torsdag 22. august 2019 15:57
Til: 'Flatøy Bygdelag'
Emne: SV: Tilbakemelding
Vedlegg: 28_Plan for medverknad Flatøy_rev. 2019.pdf

Hei

Viser til dykkar epost datert 20.08.19 samt dialog og synfaring i samband med bygdelagets innspel til arbeidet med Områdeplan for Midtmarka og Rotemyra på Flatøy.

Politisk handsaming av Områdeplan for Midtmarka og Rotemyra på Flatøy vart utsett til etter sumarferien 2019 for å greie ut alternativ trase for lokalveg etter innspel frå bygdelag og naboar. Dette arbeidet er no utført av ekstern konsulent og vil bli presentert for formannskapet i Meland i møte 11.09.19. Formannskapet er styringsgruppe for planarbeidet, og vil i møtet kunne ta stilling til om planframlegget skal sendast vidare til sakshandsaming og førebuing for 1. gongs handsaming. Ved 1. gongshandsaming av planframlegget vil det bli ei open høyring med offentleg ettersyn og det vil bli arrangert ope møte. Eit eventuelt endeleg vedtak av planen vil skje i Alver kommune tidlegast vinter/vår 2020.

Normal sakshandsaming av innspel til planprosessar vert handsama i høyringsperiodar, og vil difor ikkje bli administrativt handsama no. Dei andre spørsmåla de stiller i brevet er i all hovudsak handsama som ein del av planprosessen. De finn dokumenta i plansaka ved å gå til «Innsyn/postliste» på kommunens heimeside. Velg «søk etter sak», og søk til dømes etter planens saksnummer som er «15/581». De etterlyser også «Plan for medverknad» i dykkar brev. Denne vart revidert juni 2019 og ligg vedlagt. Tidlegare utgåve finn de i digitalt saksarkiv.

Lenkje til innsyn:

<https://www.meland.kommune.no/innhald/politikk-og-administrasjon/innsyn-postliste/>

Om de har andre spørsmål eller treng hjelp til å finna fram er det berre å ta kontakt.

Beste helsing

Alexander Helle | Arkitekt/planleggjar

E-post: alexander.helle@meland.kommune.no | Telefon: +47 45 37 72 54

Sentralbord: +47 56 17 10 00 | Heimeside: www.meland.kommune.no



Fra: Flatøy Bygdelag [<mailto:FlatoyBygdelag@outlook.com>]

Sendt: tirsdag 20. august 2019 07:29

Til: Alexander Helle

Emne: Tilbakemelding

Hei Alexander.

Tidlig i april 2019 leverte Flatøy Bygdelag eit dokument med tittelen **"Innspill og spørsmål til planarbeid med veiløsning til Midtmarka på Flatøy."**

Vi kan ikkje sjå å ha mottatt noen skriftlige tilbakemeldinger på våre spørsmål og påstander fra dette dokumentet.

Flatøy Bygdelag ønsker ein statusoppdatering på planarbeidet, ulike svar som mangler fra nevnte dokument og informasjon om vidare utvikling i saka.

Mvh

Styret i Flatøy Bygdelag

v/ Kurt Solberg og Vibecke S. Samuelsen

Sent from [Outlook](#)